## Foto- og keramikk-kunst på Port Arthur

Kviteseid Kunstforenings "Markenutstilling" er open kvar laurdag kl. 11-16 fram til og med påske. Siste utstillingsdag er påskeaften 3.april.

Utstillarane er ulike i form og innhald. Eit fellestrekk er at dei ynskjer begge å røre ved hjarte og sinn til tilskodar.


(Skyer, Kenneth Bø)

"Svevande i vatn og himmel" er tittelen på Kenneth Bø sin fotoutstilling. Han er busatt i Seljord og har lagt sin elsk på svart-kvitt formatet. Portrett og tematenking kan stå som ramme om arbeida hans. No syner han fram bilete der temaet er - sant å seie og i bokstaveleg meining! - "noko svevande". Eit av elementa som er "noko svevande" er himmelske skyformasjoner. Kva ellers som rører seg i vatn og luft, kan du få nærare innblikk i på utstillinga.


(Grublar, Ingun Dahlin)

Ingun Dahlin, busett i Heimdal utafor Trondheim, former fargerike skulpturar i keramikk og anna kjensleg material. Fleire av skulpturane ho syner fram kjem direkte frå New York, der ho nett har

avslutta ei utstilling. Ho er kjend for ei vãr og mangfaldig skildring av menneskelege skapningar. Nokon gonger kjem dei ”rekande på ei fjøl”, andre gongar vaknar dei til liv under sjølve prosessen, fortel ho. Eller dei tar til å leve sine eigne liv i etterkant.  Dei er underfundige og tankefulle.  Ho ber publikum om å snakke til dei. Dei har mykje på hjartet for dei som vil sjå og høyre.

Nærare opplysninger:  Dag Feldborg 93 63 79 65.